

Samarbeidsavtale mellom Masfjorden kommune (kommunen) og Masfjorden kyrkjelege fellesråd (fellesrådet)

Formelt grunnlag for avtalen

Denne avtalen er heimla i **§15 i Lov om Den norske kyrkje (kirkeloven)**.

Ansvars- og tenesteområde

1. Kommunen har økonomisk ansvar for at det vert gitt turvande kyrkjelege tenester.
2. Kommunen si økonomiavdeling bistår i utarbeiding av budsjettframlegg for fellesrådet, og fører rekneskap for kyrkja i tråd med oppsett kontoplan.
3. Kommunen si lønsavdeling administrerer lønsutbetaling for alle tilsette med Masfjorden kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar.
4. Kommunen si økonomiavdeling har fullmakt til å disponere midlar på fellesrådet/soknerådet sine bankkonti.
5. Fellesrådet har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar i Masfjorden kommune.
6. Kommunen har ansvar for at dei kyrkjeleg tilsette har tilfredsstillande kontorlokale.
7. Kommunen har ansvar for å sjå til at dei kyrkjeleg tilsette kan utføre oppgåver i kyrkjene og på kyrkjegardane på ein trygg måte.

Tenester som Masfjorden kommune leverer

1. Kommunen syter for at dei kyrkjeleg tilsette har turvande lokale og naudsynt utstyr for at desse kan utføre administrative og merkantile oppgåver. Dette omfattar
 - kontorlokale i kommunehuset med naudsynt inventar, samt reinhald av lokala,
 - tilgjenge til fellesareal, samt tildelt lager- og arkivplass,
 - dekking av utgifter til telefon, frankering av post, bruk av kopi-/faks-/skrivarløysing,
 - it-utstyr,
 - tilgjenge til kommunen sine fellesressursar i det kommunale admin-nettet,
 - høve til å nytte kommunen sine program og administrative system i den grad dette er naudsynt eller ynskjeleg,
 - høve til å installere eigne program og system på servarar,
 - rådgjeving i samband med innkjøp av programvare og utstyr.
2. Kommunen syter for at dei kyrkjeleg tilsette kan utføre oppgåver i kyrkjene og på kyrkjegardane på ein trygg måte. Dette omfattar
 - assistanse til kyrkjegardsarbeidar når vedkomande grev opp og grev att graver,
 - assistanse til kyrkjegardsarbeidar når vedkomande skal utføre vedlikehaldsoppgåver i kyrkjer eller på kyrkjegardar som kan medføre ein risiko for skader.

I den grad slike oppgåver kan planleggjast, skal tidspunkt for utføring av desse fastsetjast i samarbeid med kommunen si driftsavdeling.

3. Kommunen bistår med kontorhjelpe for sokneprest og kyrkjevevje. Dette kan skje ved at ein tilsett i kommunen utfører desse oppgåvene innan ein gitt stillingsstorleik, eller ved at kommunen yter tilskot til å løne ein person tilsett av fellesrådet i same stillingsstorleiken.
4. Kommunen si lønsavdeling betalar ut løn og godtgjersler til fellesrådet sine tilsette, samt eventuelle godtgjersler til dei folkevalde.
Det er fellesrådet sitt ansvar å sjå til at utbetaling av løn og godtgjersler med tilhøyrande ytingar ikkje overskrider rammene som er lagt i budsjettet.
5. Kommunen utfører snøbrøyting og vedlikehald av vegar og parkeringsplassar fram til kyrkjer og kyrkjegardar på fylgjande stader :
 - Sandnes kyrkje og Skjerjebakken hjelpekyrkjegard,
 - Frøyset kyrkje og Hosteland hjelpekyrkjegard,
 - Solheim kyrkje og Indre Haugsdalen hjelpekyrkjegard.

Samarbeid mellom Masfjorden kommune og kyrkjeadministrasjonen

1. Kommunen og soknerådet samarbeider om produksjon og distribusjon av meldingsbladet «Masfjordingen». Dette skjer i tråd med eigen avtale.
2. Kyrkjevevje vert invitert til å møte i rådmannen si leiargruppe når saker som har relevans for arbeidet i kyrkja vert drøfta.
3. I den grad det er naturleg, kan kyrkjeleg fellesråd delta i sysselsetjings- og opplæringsiltak som kommunen arrangerer i samarbeid med NAV.
4. Ved intern utlysing kan fellesrådet sine tilsette søkje på stillingar i kommunen, og kommunen sine tilsette søkje på kyrkjelege stillingar.

Revidering og fornying av avtalen

1. Denne avtalen skal rutinemessig reviderast og eventuelt fornyast seinast eit halvt år etter at nytt kommunestyre er vald. Kyrkjevevja har ansvar for at fellesrådet gjennomgår avtalen i tide til at denne gjennomgangen kan verte ein del av saksgrunnlaget i kommunestyret.
2. Dersom kommunen eller fellesrådet ynskjer ei revidering tidlegare enn dette, vert dette gjort. Men avtalen med eventuelle endringar ein er blitt samd om, kan ikkje terminerast før oppsett tidspunkt for fornying.